

## Ordensreglar for Fogn oppvekstsenter

1. Arbeidssakene våre, ransel, penal, bøker osv, er det viktig at me held orden i og passar på. Me let andre sine saker vera i fred.
2. Aktive og engasjerte elevar er bra, og me legg vinn på at aktiviteten vår ikkje er til ulempe for andre på skulen.
3. Me går når vi er innandørs, og me nyttar innestemme.
4. Me snakkar høfleg til kvarandre, me bannar ikkje, og me legg vinn på å ha ei åtferd, både fysisk og digitalt, som ikkje støyter, sårar eller skadar andre. Me skal alle vere aktive for å hindra mobbing og trakasering.
5. Skulen vil leggja til rette for god samhandling og trygge fellesskap mellom elevane. Difor ynskjer me ikkje at farlege gjenstandar og privat digitalt utstyr skal nyttast på skulen. Om elevar av ulike grunnar må ha privat digitalt utstyr med på skulen, skal dette liggja avskrudd i ranselen. Me har ikkje med oss «ikkje-skule-ting» som leiker o.l. på skulen.
6. Fogn Oppvekstsenter er både elevane og dei vaksne sin arbeidsplass, difor legg me vinn på at det er fint og triveleg både inne og ute. Utstyr og læremiddel fer me fint med. Blomar og buskar let me få stå i fred. Sjøppel kastar me på tilvist stad.
7. Me held oss på skuleområde i skule- og SFO-tida.
8. Me skal ikkje sykla, gå på rulleskøyter o.l. i skule- og SFO-tida.
9. Me drikk ikkje brus og et ikkje snop på skulen.
10. Det er ikkje lov å nytta tobakk eller rusmiddel på området til oppvekstsenteret.
11. Me respekterer personvernet. Foto, video og lydopptak er ikkje tillatt.

Unntak frå fleire av reglane over kan verta gitt av dei vaksne.

### Reaksjonar på brot på ordensreglane:

- Skadeverk/hærverk (ikkje uhell).
  - Kontakt med heimen. Samtale om korleis eleven kan ordna opp etter seg, t.d. ved erstatning.
- Uakseptabel åtferd på skulevegen/skulebussen.
  - Tilsnakk og kontakt med heimen.
- Mobbing og/eller trakasering.
  - Sjå eigen plan for førebygging av mobbing.
- Uakseptabel åtferd overfor medelevar eller vaksne ved oppvekstsenteret.
  - Tilsnakk/skjerming av elev, ringje heim.
  - Samtale med rektor, møter med heimen.
- Ha med farlege gjenstandar utanom undervisningsopplegg.
  - Inndratt til skuleslutt og utlevering etter avtale med heimen.
- Ta fram og/eller bruke privat digitalt utstyr.
  - Utstyret vert inndrege til skuleslutt. Ved gjentakning vert heimen kontakta.
- Bruk av tobakk eller rusmiddel.
  - Ved røyking: kontakt med heimen.
  - Ved alkohol eller andre rusmiddel: kontakt med heimen og med barnevernet.
- Brot på personvern
  - Avhengig av alvorsgrad kan heim, rektor og evt. barnevern/politi kontaktast.
- Ved svært alvorlege og/eller gjentatte brot på ordensreglementet kan det i enkelte tilfeller vere tenleg å vise bort elevar i 5.-7. klasse med inntil ein dag.